

# BOKN KOMMUNE

## FORMANNSKAPET

### MØTEINNKALLING

**Møtedato:** 07.06.2016  
**Møtestad:** Boknatun  
**Møtetid:** Kl. 19.00

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er, tlf. 52 75 25 00, slik at varamedlem kan bli innkalla. Varamedlemer møter etter nærare innkalling.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på Boknatun. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utleverte i møtet. Dersom medlemene på førehand ønskjer å gjere seg kjent med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengelege på rådhuset.

**Bokn kommune**  
31. mai 2016

Tormod Våga  
ordfører

---

Jan Erik Nygaard  
sekretær

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
051/16	Godkjenning av møtebøker frå møter 10.05.2016 og 23.05.2016.
052/16	Justering av betalingssatser på Bokn legekantor
053/16	Rekneskap 2015
054/16	Årsmelding 2015.
055/16	Oppretting av styre for Bokn Bygdemuseum.
056/16	KS sitt hedersmerke. – midl. Unntatt off.

Saksdokument til sak 056/16 blir lagt fram i møte.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, komite m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>	<b>Sakshands.</b>
Formannskapet	07.06.2016	051/16	GRS

<b>Saksansv.:</b> Gro Sørensen	<b>Arkiv:</b> K1-033, K3- &17	<b>Arkivsaknr:</b> 16/6
	<b>Objekt:</b>	

**Godkjenning av møtebøker frå møter 10.05.2016 og 23.05.2016.**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	07.06.2016	052/16	ITO

Saksansv.: Ingunn Toft	Arkiv: K1-030 Objekt:	Arkivsaknr 16/310
------------------------	--------------------------	----------------------

### Justering av betalingssatser på Bokn legekantor

#### Dokumentliste:

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Formannskapet godkjenner at Bokn legekantor sine betalingssatser vert justert frå 1.juli 2016 til:

Førarkortattest	350kr
Skoleattest	250kr
Offshoreattest/Sjømannsattest	1600kr 50% for studentar
TT-kort/parkeringskort	200kr
Andre attestar, for eksempel dykkarattest, fosterheimsattest, adopsjonsattest etc	Etter medgått tid basert på normaltariiffen sine anbefalingar. (Rikstrygdeverket/Legeforeningen)
Ekspedisjonsgebyr	59kr

### **Kva saka gjeld:**

Justering av betalingsattsar på Bokn legekantor.

### **Bakgrunn for saka:**

Bokn legekantor har hatt vesentleg lågare betalingsattsar enn omliggande kommunar i fleire år, og det er hensiktsmessig med ei prisjustering.

### **Saksutgreiing:**

Bokn legekantor har ein fastlege med 650 pasientar på lista si som er pasientar busett både i Bokn kommune og omliggande kommunar. Legekantoret fylgjer prissetting for konsultasjonar og undersøkingar regulert av Normaltariffen sine anbefalingar som er ein avtale mellom rikstrygdeverket og Den norske legeföreningen. Tenester knytt til attestar og gebyr har fri prissetting, men Normaltariffen viser til at pris bør stå ift medgått tid.

Bokn legekantor har til no ikkje hatt praksis for å ta betalt for andre attestar enn til førarkort (kr 250,-), ei heller ekspedisjonsgebyr. Ved et søk på andre kommunar og legekantor finn ein at til dømes Førarkortattestar er prissett til 300-600kr medan Bokn legekantor har hatt kr 250,- i ei årrekke.

Det er mange ulike attestar etc ein lege kan utstede, og det er ulikt kva dei ulike legekantora har prissatt. For Bokn legekantor, som har færre tilfeller enn store kontor, kan det vere hensiktsmessig å prissette dei vanlegaste attestane og vise til pris etter medgått tid på resterande.

### **Justerte betalingsattsar for Bokn legekantor:**

Førarkortattest	350kr
Skoleattest	200kr
Offshoreattest/Sjømannsattest	1600kr 50% for studentar
TT-kort/parkeringskort	200kr
Andre attestar, for eksempel dykkarattest, fosterheimsattest, adopsjonsattest etc	Etter medgått tid basert på normaltariffen sine anbefalingar. (Rikstrygdeverket/Legeföreningen)
Ekspedisjonsgebyr (over 16år)	59kr

### **Vurdering:**

Rådmannen rår til at betalingsattsane ved Bokn legekantor vert justert.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	07.06.2016	053/16	AOS

Saksansv.: Solrunn Alvestad	Arkiv: K1-210 Objekt:	Arkivsaknr 16/302
-----------------------------	--------------------------	----------------------

### Rekneskap 2015

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	12.04.2016	Else (NO - Haugesund) Holst-Larsen	Rekneskap 2015
2	U	19.04.2016	Else (NO - Haugesund) Holst-Larsen	Uttalelse fra ledelsen
3	I	03.05.2016	Else (NO - Haugesund) Holst-Larsen	Revisjonsberetning og revisjonsrapport Bokn kommune
4	I	25.05.2016	Kontrollutvalet	Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for 2015
8	I	30.05.2016	Haugaland Kontrollutvalgssekretæriat IKS	Kontrollutvalet si uttale til årsregnskapet 2015 - med særutskrift

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet rår til at rekneskapet vert godkjent.  
Det rekneskapsmessige mindreforbruket på kr. 152.445,- vert sett av til disposisjonsfondet.

**Kva saka gjeld:**

Rekneskapet for 2015 viser at kommunen har eit mindreforbruk på kr. 152.445,-. Årsmeldinga for 2015 gir ytterlegare informasjon om dette.

**Vurdering:**

Etter mange år med eit driftsresultat som har vore innafor teknisk Berekningsutval sin tilrådde resultatmargin som nå er på 1,75% (tidlegare 3%) , har kommunen i 2015 eit resultat som gir 0%. Årsaken til det låge resultatet er kommentert i årsmeldinga under det enkelte rammeområdet.

Mindreforbruket på kr. 152.445,- foreslår ein vert sett av på disposisjonsfondet.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	07.06.2016	054/16	AOS

Saksansv.: Solrunn Alvestad	Arkiv: K1-004 Objekt:	Arkivsaknr 16/303
-----------------------------	--------------------------	----------------------

### Årsmelding 2015.

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	15.04.2016	offentleg dokument	Årsmelding 2015

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rådmannen si årsmelding for 2015 vert tatt til etterretning.

#### Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
47341	Årsmelding 2015



# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	07.06.2016	055/16	JHA

<b>Saksansv.:</b> Jardar Havikbotn	<b>Arkiv:</b> K1-033 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 16/322
------------------------------------	--	-----------------------------

### Oppretting av styre for Bokn Bygdemuseum.

#### Dokumentliste:

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

**1. DESSE BLIR VALT SOM STYRE FOR BOKN BYGDEMUSEUM:**

Ottar Borgenvik (leiar)  
Eivind Øvrebø  
Magnar Are  
Linda Ognøy  
Anne Lise Nilsen

Vararepr.:

Kari Christensen  
Lars Ove Vatnaland

2. Formannskapet løyver kr. 24.000 til vedlikehald av museumet, friske midlar til Bokn som følge av revidert statsbudsjett.

Bokn, 31.05.16

-----  
Jan Erik Nygaard  
Rådmann

-----  
Jardar Havikbotn  
Kultursjef

**Kva saka gjeld:**

Oppretting av styre for Bokn bygdemuseum.

**Bakgrunn for saka:**

Det står i vedtektene til museet at det kvart 4. år av Kommunestyret skal veljast styre for museet. Dette gjorde representantar frå Bokn historielag kommunen merksam på under eit befaringsmøte på museet 23. mai, mellom Historielaget og Bokn kommune.

**Saksutgreiing:**

Det har ikkje vore valt styre til bygdemuseet sidan museet gjekk inn i Haugalandsmuseene AS. Dette viser seg å ha vore ei mistyding, då vertskommunane i konsolideringa sjølve skal stå for drift og vedlikehald.

Historielaget har i fleire år hatt sommarope i ungdomshuset på Håland og kvart år peikt på vedlikehaldsbehov på bygningen, i tillegg til praktiske løysingar rundt eit opningstilbod, som toalett og parkeringsplass. Fokus på bevaring og vedlikehald av museet har også blitt forsterka denne våren, etter at avhending eller riving av huset blei vurdert i tekstdelen til inneverande budsjett.

Under befaringsmøtet 23. mai tok representantane frå Historielaget på seg oppdraget med å finna kandidatar til eit nytt museumsstyre. Om kvelden same dag blei det av Formannskapet i tilleggssak samrøystes bevilga kr. 20.000 til forefallande arbeid og kr. 40.000 til parkeringsplass ved museet.

**Vurdering:**Styrekandidatar:

Ottar Borgenvik (leiar)

Eivind Øvrebø

Magnar Are

Linda Ognøy

Anne Lise Nilsen

Vararepr.:

Kari Christensen

Lars Ove Vatnaland

I tillegg foreslår rådmannen å styrka vedlikehaldsbudsjettet på museet ytterligare med kr. 24.000 som er friske midlar til Bokn som følge av revidert statsbudsjett.

Etter dette vil Bokn bygdemuseum ha nytt styre, til saman kr. 69.000 til vedlikehald og kr. 40.000 til parkeringsplass.

Jardar Havikbotn